

Til høyringsinstansar, grunneigarar og heimelshavarar

Dato: 03.02.2020  
Vår ref: Arvid Tveit


## Kunngjering av planoppstart for detaljreguleringsplan for «Kryss nord Førde Sentralsjukehus», Sunnfjord kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for planområde «Kryss nord Førde Sentralsjukehus» i Sunnfjord kommune. Planområdet er på om lag 3,1 daa, og omfattar eksisterande vegkryss som ligg nordaust for Førde Sentralsjukehus på Fv. 484, Vievegen.

I detaljreguleringsplan for Førde Sentralsjukehus, vedteken 25.04.2019, er det eit rekkefølgjekrav ang. utbetring av krysset. Dersom nye tiltak innanfor sjukehusområde medfører trafikkauke i krysset, skal det vurderast om trafikkauken er av eit omfang som krev at utbyggjar skal gjennomføre reguleringsplanen som ein varslar oppstart på no.

Det blir opptil vegmyndigheten for fv. 484 å vurdere om trafikkauken er av eit omfang som krev at utbyggjar skal gjennomføre reguleringsplanen for vegkrysset, og å fastsetje framdrift av dette.

Det er gjeve fråvik om krav til både trafikkøy/dråpe i sekundærveg og venstresvingefelt (passeringslomme) i Vievegen (Vestland fylkeskommune 27.01.2020). I samband med avklaringar og krav til fråvikssøknad, skal ein utforme krysset der dimensjonerande køyretøy er buss med køyremønster A. Då det er ein svært liten andel av større køyretøy som semitrailer og vogntog, kan ein nytte køyremåte B for dei.



Oversiktskartet syner kvar i Førde planområdet ligg. Vist med raud sirkel.

## Bakgrunn

Det aktuelle planområdet er omfatta av reguleringsplanane «Vie område», «Anga – del av gbnr. 43/127 m.fl.», «Fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg», «Vie område F1, endring Sentralsjukehuset» og «Førde sentralsjukehus». I desse planane er området avsett til vegareal og byggeareal. Planformålet samsvarar med overordna plan.

Detaljreguleringsplanen vil bli utarbeidd i samarbeid med oppdragsgjevar Helse Førde. Det har vore gjennomført eit oppstartsmøte med Førde kommune den 26. februar 2019 i samband med planarbeidet.

## Planavgrensing



Gjeldande reguleringsplanar. Varsla planavgrensing er vist med svart stipla linje.

## Viktige tema i planen

Viktige tema for planarbeidet er biologisk mangfald, grønstruktur, landskap, terrengbehandling og massebehandling, uteoppholdsareal, gang- og sykkeltrafikk, barn og unges interesser, kulturminne, ROS-analyse, nærmiljø, universell utforming og kommunaltekniske anlegg.

### **Krav om planprogram/konsekvensutgreiing**

Det visast til plan- og bygningslova og Forskrift om konsekvensutgreiing (FOR-2017-06-21-854). I samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 og forskrifta §§ 6, 7, 8 og 10 vurderer forslagsstillar og Førde kommune at det ikkje vil vere krav om planprogram og konsekvensutgreiing.

Vurdering: Planområdet er i gjeldande kommuneplan og eksisterande reguleringsplan regulert for trafikk- og byggjeføremål.

Forskrifta §§ 6 og 7 seier at følgjande planar og tiltak alltid skal konsekvensutgreiast (og ha planprogram, §6):

§ 6 bokstav b) «Reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg I.»

§ 7 bokstav b) «planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.»

Vi kan ikkje sjå at tiltaket kjem inn under vedlegg I. Det er heller ikkje kjent at tiltaket behandlast etter andre lover enn plan- og bygningslova. Vi finn ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav etter §§ 6 og 7.

Forskrifta § 8 seier at planer og tiltak som skal konsekvensvurderast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Følgjande planar må etter § 8 vurderast nærare og konsekvensutgreiast dersom tiltaket har vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. § 10. For denne typen tiltak er det ikkje krav om planprogram.

a) reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensvurdert i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.

b) tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Aktuelt tiltak fell ikkje inn under vedlegg II og reguleringsplanen er i samsvar med gjeldande planar.

Ut i frå denne gjennomgangen ser ein ikkje at det i samsvar forskrifta vil vere nødvendig med planprogram og KU.

### **Oppstart**

Helse Førde er tiltakshavar og Nordplan AS er utførande konsulent. Planforslaget skal bestå av to juridisk bindande dokument; plankart og føresegnar til detaljplanen. Oppstart vert annonsert i Firda onsdag 5. februar 2020. Informasjon vert også å finne på [www.sunnfjord.kommune.no](http://www.sunnfjord.kommune.no) og [www.nordplan.no/kunngjeringar/](http://www.nordplan.no/kunngjeringar/). Naboar og berørte vert med dette varsla direkte.

### **Vidare saksgang og medverknad**

Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Publikum og berørte partar har òg rett til å uttale seg om saka ved offentleg ettersyn. Når det er tid for offentleg ettersyn vil dette bli annonsert i same avis.

### **Frist for innsending av merknader:**

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast på e-post til [at@nordplan.no](mailto:at@nordplan.no) eller til postadresse:

Nordplan AS v/ Arvid Tveit  
Pb. 685  
6804 Førde

Frist for innspel: **2. mars 2020**

Spørsmål kan rettast til underteikna på telefon 90 68 27 53 eller e-post.

Med helsing  
for Nordplan AS



Arvid Tveit  
Arealplanleggar

Vedlegg: varslingsliste grunneigarar/naboar, organisasjonar og offentlege instansar.

#### **Varslingsliste grunneigarar/naboar**

| <b>Namn</b>            | <b>Adresse</b>                              | <b>Poststad</b> |
|------------------------|---|-----------------|
| Sunnfjord Kommune      | Postboks 338                                | 6802 Førde      |
| Hatlehaugen Burettslag | Postboks 234                                | 6801 Førde      |
| Helse Førde Hf         | Postboks 1000                               | 6807 Førde      |
| Myklebust Olav Helge   | Vievegen 1                                  | 6812 Førde      |
| Nistad Knut Arne       | Tefrevegen 1<br>C/O Statsbygg, Postboks 232 | 6812 Førde      |
| Statsbygg              | Sentrum                                     | 0103 Oslo       |
| Vestland Fylkeskommune | Postboks 7900                               | 5020 Bergen     |
| Vie Senter As          | Vievegen 1                                  | 6812 Førde      |

#### **Varslingsliste organisasjonar og offentlege instansar**

Fylkesmannen i Vestland, [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)

Statens vegvesen Region Vest, [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

NVE Region Vest, [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)

Vestland Fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Sunnfjord Energi AS, [post@sunnfjordenergi.no](mailto:post@sunnfjordenergi.no)

Telenor Kabelnett, [kabelnett@telenor.com](mailto:kabelnett@telenor.com)